



Noregs
vassdrags- og
energidirektorat

Alle på vedlagte adresseliste

Vår dato: 11 APR 2011

Vår ref.: NVE 200901128-54 kv/jaso

Arkiv: 312/087.C2

Dykkar dato:

Dykkar ref.:

Sakshandsamar:

Jan Sørensen

22 95 92 11

Høyring av søknad med konsekvensutgreiing for Breim kraftverk i Gloppen kommune, Sogn og Fjordane fylke

NVE har motteke søknad frå Breim Kraft AS om å få byggje Breim kraftverk i Gloppen kommune. Søknaden vert sendt på høyring til alle som saka vedkjem. Høyringsfristen er 15. august 2011. NVE vil halde eit ope møte i løpet av høyringsperioden. Bruk gjerne elektronisk skjema på heimesida til NVE når de sender uttale.

Søknaden inneheld konsekvensutgreiing (KU) og fagrapportar.

Søknaden med konsekvensutgreiing vert handsama etter reglane i § 6 i vassdragsreguleringslova. Den vert kunngjort av NVE. Kopi av kunngjeringa ligg ved.

Eit eksemplar av brosjyren som er utarbeidd for prosjektet ligg ved. Søknaden og alle fagrapportane er tilgjengelege på heimesida til NVE: www.nve.no/Vannkraft. Om det er ønskeleg med ein papirversjon av søknaden kan ein kontakte Breim Kraft AS v/ Per Jonny Moldestad på e-post: pjmoldis@hotmail.com eller tlf. 415 32 148.

Vi viser elles til vedlagt informasjonsark som forklarar sakshandsaminga frå søknaden vert sendt på høyring og fram til endeleg vedtak. Av dette går det fram kva tilbakemelding vi ønskjer.

Vi ber Gloppen kommune om å kunngjere saka på sine heimesider, og leggje to eksemplar av søknaden med fagrapportar ut til offentleg gjennomsyn på Servicetorget i kommunehuset på Sandane fram til 15. august 2011. Det eine eksemplaret kan om naudsynt lånast ut for kortare tid (2- 3 dagar). Det andre må ikkje fjernast frå utleggingsstaden.

I løpet av høyringsperioden, tysdag 10. mai 2011 kl. 19:00, vil NVE halde eit ope møte om prosjektet. Møtestad er Kommunestyresalen i kommunehuset på Sandane. På møtet vil NVE orientere om sakshandsaminga av søknaden, og tiltakshavar vil orientere om konsekvensane av ei eventuell utbygging.

Fråsegner skal sendast til NVE, gjerne via vår heimeside www.nve.no/Vannkraft eller til NVE-Konsesjonsavdelinga, Postboks 5091 Majorstua, 0301 Oslo, så snart som mogeleg og seinast 15. august 2011.

E-post: nve@nve.no, Internett: www.nve.no, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 22 95 95 95, Telefaks: 22 95 90 00

Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971

Hovedkontor

Drammensveien 211
Postboks 5091, Majorstuen
0301 OSLO

Region Midt-Norge

Vestre Rosten 81
7075 TILLER
Telefon: 72 89 65 50

Region Nord

Kongens gate 14-18
8514 NARVIK
Telefon: 76 92 33 50

Region Sør

Anton Jenssensgate 7
Postboks 2124
3103 TØNSBERG
Telefon: 33 37 23 00

Region Vest


Naustdalsvn. 1B
Postboks 53
6801 FØRDE
Telefon: 57 83 36 50

Region Øst

Vangsveien 73
Postboks 4223
2307 HAMAR
Telefon: 62 53 63 50

Fråsegner eller delar av fråsegner vil verte referert i innstillinga i saka frå NVE til Olje- og energidepartementet (OED). Om fråsegna er lang, er det difor ein fordel om det er utarbeidd eit samandrag som kan brukast til dette. Vi gjer merksam på at fråsegner er offentlege dokument som er tilgjengelege for innsyn.

Med helsing

A handwritten signature in black ink, appearing to read 'Carsten S. Jensen'.

Carsten Stig Jensen
seksjonssjef

A handwritten signature in black ink, appearing to read 'Jan Sørensen'.

Jan Sørensen
senioringeniør

Vedlegg: 2 Brosjyre, kopi av kunngjering.

Kopi: Breim Kraft AS v/ Per Jonny Moldestad, 6827 Breim
 Multiconsult v/ Kjetil Mork, Serviceboks 9, 6025 Ålesund

Adresseliste for: Breim Kraft AS – Søknad med KU for Breim kraftverk

Handsamast etter: Vassdragsreguleringslova § 6.

Vert kunngjort av NVE to gonger i: Firda Tidend og Firda.

Alle på adresselista får kopi av kunngjering og brosjyre

Til info	Ant. søkn.	Ant. fagr.	Namn/adresse
	4	4	Gloppen kommune, Grandavegen 9, 6823 Sandane
	-	-	Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, Njøsavegen 2, 6863 Leikanger
	-	-	Sogn- og Fjordane fylkeskommune, Askedalen 2, 6863 Leikanger
	-	-	Vannregionmyndigheten Sogn- og Fjordane, Sogn- og Fjordane fylkeskommune, Askedalen 2, 6863 Leikanger
x	-	-	Olje- og energidepartementet, Postboks 8148 Dep, 0033 Oslo
x	-	-	Statens landbruksforvaltning, Postboks 8140 Dep, 0033 Oslo
	-	-	Mattilsynet, Region Hordaland og Sogn og Fjordane, Postboks 383, 2301 Brumunddal
	-	-	Direktoratet for naturforvaltning, Postboks 5672 Sluppen, 7485 Trondheim
	-	-	Norges geologiske undersøkelser, Postboks 6315 Sluppen, 7491 Trondheim
	-	-	Statens Vegvesen Region Vest, Postboks, 168, 6861 Leikanger
	-	-	NGI, Postboks 3930 Ullevål Stadion, 0806 Oslo
	-	-	Riksantikvaren, Postboks 8196 Dep, 0034 Oslo
	-	-	Bergen sjøfartsmuseum, Håkon Sheteligsplass 15, 5007 Bergen
	-	-	Direktoratet for mineralforvaltning, Postboks 3021 Lade, 7441 Trondheim
	-	-	Statnett, Postboks 5192 Majorstuen, 0302 Oslo
	-	-	Sogn og Fjordane Energi AS (SFE), Bukta, 6823 Sandane
	-	-	LVK, c/o Adv. firmaet Lund & Co, Postboks 1148, Sentrum, 0104 Oslo
	-	-	Friluftslivets fellesorganisasjon, Nedre Slottsgt. 25 0157 Oslo
			NHO Reiseliv, Postboks 5465 Majorstuen, 0305
	-	-	Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane v/ Hans Christian Hansen, Trolladalen 3G, 6856 Sogndal
	-	-	Sogn og Fjordane Turlag, Postboks 10, 6801 Førde
	-	-	Norsk Ornitologisk Forening - Sandgata 30 B, 7012 Trondheim
	-	-	NJFF - Sogn og Fjordane Rygg, 6823 Sandane
	-	-	Norges Padleforbund, Serviceboks 1 Ullevål stadion, 0840 Oslo
	-	-	Norges Bondelag, Postboks 9354 Grønland 0135 Oslo

	-	-	Reed Vassverk, v/Kjell Reed, 6827 Breim
	-	-	Historiske Reed, 6827 Breim
	-	-	Breim vilt- og fiskelag v/Ola Bergheim, 6826 Byrkjelo
	-	-	Breim Bygdeutviklingslag, v/Reiel Felde, 6826 Byrkjelo
	-	-	Breim vilt- og fiskelag v/Ola Bergheim, 6826 Byrkjelo
	-	-	Frode Reed, Stubbanveien 50, 7036 Trondheim
	-	-	Nils E. Seime, 6827 Breim
	-	-	Sogn og Fjordane Turlag, Postboks 10, 6801 Førde
	-	-	Anna Kleppe-Ehn, 6827 Breim
	-	-	Kirsten Kleppe Lyslo, Boks 55, 6821 Sandane
	-	-	Lena Kleppe, Jens Olsens vei 14, 2070 Råholdt
	-	-	Kari og Nils Jordanger, Reed, 6827 Breim
	-	-	Dagmund Moldestad, Bråtaveien 4, 6854 Kaupanger
	-	-	Reed Camping, v/Inge Johnsen, 6827 Breim
	-	-	Nils Seime og Peder Seime v/Advokatene Lothe & Mardal, Postboks 138, 6821 Sandane
	1	1	NIBR, Biblioteket/KU-senter, Postboks 44 Blindern, 0313 Oslo
	1		KM (ias)
	1		RV (sme)
	1		ER (shs)
	1		KD
	1		KN
	1		HV

Noregs vassdrags- og energidirektorat kunngjer**Søknad om konsesjon for bygging av Breim kraftverk i Gloppen kommune.**

Breim Kraft AS søker om å bygge og drive eit kraftverk i Storelva i Gloppen kommune. Det omsøkte hovudalternativet inneber plassering av inntak ved Høylo og kraftstasjon i fjell ca. 1,3 km sør for utlaupet av Storelva i Breimsvatnet. Vassvegen vil gå i ein ca. 4100 meter lang tunnel. Planlagt installert effekt i kraftverket er 32 MW og årleg produksjon er berekna til 98 GWh. Det er lagt til grunn slepp av minstevassføring på 6 m³/s i sommarperioden og 1 m³/s i vinterperioden. Det er også utgreidd alternative utbyggingsløysingar, m.a. plassering av kraftstasjon ved Seime bru og nedgrave røyrgate langs elva. Kraftverket er planlagt kopla til straumnettet via ein 22 kV jordkabel til Reed transformatorstasjon, alternativt til eksisterande 132 kV line mellom Skei og Reed.

Søknaden med konsekvensutgreiing vert handsama etter reglane i § 6 i vassdragsreguleringslova.

Søknaden og alle fagrapportane er tilgjengelege på NVE si heimeside: www.nve.no/Vannkraft og er lagt ut til offentlig gjennomsyn på Servicetorget i Gloppen kommunehus på Sandane.

Dersom det er ønskeleg med ei papirutgåve av søknaden, kan ein kontakte Breim Kraft AS v/ Per Jonny Moldestad på e-post pjmoldis@hotmail.com eller tlf. 415 32 148.

I løpet av høyringsperioden, tysdag 10. mai 2011 kl. 19:00, vil NVE halde eit ope møte om prosjektet. Møtestad er Kommunestyresalen i kommunehuset på Sandane. På møtet vil NVE orientere om sakshandsaminga av søknaden, og tiltakshavar vil gjere greie for konsekvensane av ei eventuell utbygging.

Fråsegner kan sendast via NVE si heimeside www.nve.no/vannkraft, eller i brev til NVE – Konsesjonsavdelinga, Postboks 5091, Majorstua, 0301 OSLO så snart som mogleg og innan **15. august 2011**.